



Arkivnr: 2017/15915-2

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------|--------|------------|
| Klagenemnda | | 30.01.2018 |

Klage på avslag på etablering av avkøyrse frå landbruksveg - Fv. 134 - gnr. 73/bnr. 2 - Hegglandsdalen - Os kommune

Samandrag

Tiltakshavar, Asbjørn Tore Heggland, har søkt om etablering av ny avkøyrse frå landsbruksveg – Fv. 134 – gnr. 73/bnr. 2, Hegglandsdalen i Os kommune. I medhald av veglova § 40 har Statens vegvesen Region Vest (SVV) avslått søknaden. SVV har gjennomført synfaring på staden. Avslaget er grunngjeve med trafikktryggleik og det vert vist til at tiltakshavar kan nytta felles avkøyrse med nabo, slik han har gjort tidlegare. Fylkesrådmannen sluttar seg til Statens vegvesen Region Vest sine vurderingar.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til vedtak

Klage frå tiltakshavar Asbjørn Tore Heggland på avslag på søknad om etablering av avkøyrse frå landbruksveg – Fv. 134 – gnr. 73/bnr. 2 – Hegglandsdalen – Os kommune, vert ikkje teken til følge.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.01.2018

Bakgrunn

Tiltakshavar søkte 26.11.2016 om etablering av ny driftsavkøyrseil til Fv. 134, gnr. 73/bnr. 2, Hegglandsdalen i Os kommune, med opning av rekkverk på gang- og sykkelsti. Søknaden er grunngeve med at naboen som tiltakshavar opphavleg hadde felles avkøyrseil med, har laga ny veg og flytta gjerde. Som følgje av dette må tiltakshavar inn på naboen sin eigedom for å koma til eigen slåtteteig.

Statens Vegvesen Region Vest (SVV) avslo søknaden med heimel i veglova § 40 ved brev av 09.02.2017. Grunnlaget for vedtaket er omsynet til trafikktryggleiken på staden. Det vert vist til at avkøyrseilen vil gå over gang- og sykkelveg og føra til brot i rekkverket. Avkøyrseilen vil verta eit potensielt ulykkespunkt. Det vert vist til at Fv. 134 er klassifisert som holdningsklasse 3 der talet på direkte avkøyrseiler skal vera avgrensa, og at tiltakshavar framleis har felles avkøyrseil med nabo. Denne vert vurdert som tilstrekkeleg for drifta.

Tiltakshavar bad om ny vurdering og SVV gjennomførte synfaring på staden. I ny vurdering etter synfaringa, dagsett 30.06.2017, fann SVV ikkje grunn til å gjera om avslaget. Tiltakshavar fekk utsett klagefrist.

Tiltakshavar klaga over avslaget den 16.07.2017. Klaga er rettidig. Det vert vist til at tiltakshavar må opna og lukka 3 grunder for å hausta slåtteteigen, gjødsla og henta sauer. Dei tre grindane må opnast og lukkast for kvar passering.

SVV har vurdert klaga, men finn ikkje grunnlag for å omgjera vedtaket. Det vert vist til at ny avkøyrseil vil føra til to driftsavkøyrseiler innanfor ei kort strekning med to kryssingspunkt over gang- og sykkelveg. Hegglandsdalsvegen er omkøyringsveg dersom fylkesveg 7 over Gullbotn vert stengt og ein del nyttar Hegglandsdalsvegen til sykling. SVV kan ikkje sjå at vanskelege driftstilhøve for tiltakshavar skal tilleggast større vekt enn omsynet til trafikktryggleiken på staden. Ei stor opning i rekkverket er lite gunstig for gåande og syklende.

Rettsleg grunnlag

Veglova § 40

Avkøyrseil frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkøyrseil må avkøyrseil frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve for regionvegkontoret og avkøyrseil frå kommunal veg byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkøyrseil frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkøyrseil frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkøyrseil ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

Rammeplanen:

Fv. 134 er i «Rammeplan for avkøyrseiler og byggegrenser på riks- og fylkesveg i Region vest» definert som haldningsklasse 3:

Avkøyrseiler

- *Talet på direkte avkøyrseiler til vegane må vere avgrensa. Dette gjeld òg for driftsavkøyrseiler*
- *Nye bustadavkøyrseiler bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrseiler må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga*
- *Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrseiler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt*

Fylkesrådmannen sine merknader:

Søknaden gjeld etablering av ny driftsavkøyrse frå fylkesveg, og veglova § 40 er rett heimel. Den fylkeskommunale klagenemnda er rett klageinstans, jf. veglova § 11, jf. fvl. § 28.

Fv. 134 er definert som haldningsklasse 3. For denne vegklassen gjeld at direkte avkøyrser til vegen må avgrensast. Dette gjeld òg driftsavkøyrser. Avkøyrsele det no vert søkt om, vil føra til at det vert to avkøyrser til fylkesvegen kloss i kvarandre. I tillegg vil etablering av avkøyrsele det er søkt om, måtte kryssa gang- og sykkelveg, dvs. at det må etablerast ei stor opning i autovernet. Dette er ikkje ønskjeleg.

Tiltakshavar hevdar i e-post til SVV 10.02.2017 at dersom han ikkje får høve til å etablere ny avkøyrsele, må han køyra fleire hundre meter på gang- og sykkelvegen med ulike typar landbruksmaskinar. Ein presiserer at køyring på gang- og sykkelveg ikkje er tillate. Eit avslag inneber at tiltakshavar må nytta eksisterande avkøyrsele og kryssa gang- og sykkelvegen.

Tiltakshavar har vist til vanskelege driftstilhøve. Det er ikkje tvilsamt at tiltakshavar sine driftstilhøve er forverra som følge av at naboen har lagt om vegen på eigeidomen sin. Han har estimert passeringar av 3 stk. grunder til 42 opningar og lukkingar kvar sesong i samband med hausting. I tillegg kjem passeringar ved gjødsling og flytting av sau. Haustinga skjer i beitesesongen for naboen sine storfe, og tiltakshavar må køyra over dette beitet. Det er såleis ikkje tvilsamt at etablering av ny avkøyrsele vil letta driftstilhøva.

Forsking frå inn- og utland syner at det er ein samanheng mellom talet på avkøyrser på ei vegstrekning og risiko for ulykker (Trafikksikkerhetshandboka TØI 1997/2011). Den relative risikoen for ulykker stig når tetleiken på avkøyrser aukar, og dette gjeld på alle type vegar. Tiltakshavar har vist til at det er 50 km/t på den aktuelle strekninga og at sikta er god. Det er likevel slik at trafikktryggleiken skal vurderast i høve til situasjonen slik den kan ventast å vera om 10-20 år. SVV har i si vurdering kome fram til at omsyn til driftstilhøva ikkje kan gå foran omsynet til trafikktryggleiken på staden. Fylkesrådmannen sluttar seg til denne vurderinga. At fv. 134 òg er avlastningsveg dersom fv. 7 over Gullbotn vert stengt, understrekar trafikktryggleiksaspektet.

Fylkesrådmannen rår til at klaga ikkje vert teken til følge.